

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018**

**Mona Røsvik Strømme, H**, sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

### **Nytt punkt 4**

Dersom samarbeidsavtalen med Møre og Romsdal kjem til ende, vil også Hordaland fylkeskommune avslutte sin avtale på drift av bokbåten. Blir det ikke vidare drift av bokbåten i Hordaland, legg fylkesutvalet til grunn at det vert etablert andre bibliotektiltak i samarbeid med kommunane som verkar utjamnande, fremjar kunnskap, og legg vekt på brei kultur- og litteraturformidling.»

## **Røysting**

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 3 vart vedteken mot 3 røyster (H).

Strømme sitt forslag fekk 5 røyster (H/Frp) og fall.

## **Vedtak**

1. Fylkesutvalet tek evalueringa av bokbåttenesta til vitande.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at avtale om drift av bokbåten i Hordaland vert lengja frå 1.09.2018 til 31.08.2019 innanfor gjeldande budsjetttrammer.
3. Sak om utviding av bokbåttenesta til heile det nye vestlandsfylket vert lagt fram til politisk handsaming våren 2019.